



Saksframlegg

Søknad om skjenkeløyve - Åsberg gard AS (Åsbergloftet)

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Søknad med vedlegg frå Anette Forsdal for Åsberg gard AS orgnr. 995722933, Libakkane 155, datert 14.10.2025
Uttale frå Politiet datert 30.05.23
Uttale frå NAV Vest-Telemark datert 26.05.23. Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune. Lov om omsetning av alkoholholdig drikk, (alkohollova). Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk (alkoholforskrifta). Skjenkeprøva ligger i sak elements 2023/728

Bakgrunn for saka:

Anette Forsdal søker om skjenkeløyve på Åsbergloftet. Forsdal har skjenkeløyve for lokaler og uteområde på eigedomen sin allereie. Uttale frå politiet og NAV foreligger i 2023. Det er difor ikkje nødvendig å be om ny uttale enda, se alkoholloven § 1-7 om tre års varigheit av uttale. Politiet og NAV har intet å bemerke. Forsdal har skjenkebevilling for alkoholgruppe 1, 2 og 3. Det ho søker om er å utvide slik at ho også kan skjenke alkoholgruppe 1, 2 og 3 på Åsbergloftet.

Utdrag frå alkohollova

§ 1-4a. Bevillingsplikt Salg, skjenking og tilvirkning av alkoholholdig drikk kan bare skje på grunnlag av bevilling etter denne lov.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2023 – 2026; Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.

Forsdal bygger opp gjestegard på Åsberg for å kunne tilby selskap med matservering og i den forbindelse kunne ha høve til å skjenke alkohol heile året. Konseptet er god mat og drikke, ro og trivsel. Det vil bli høve for skjenking inne på Åsbergloftet med 42 sitteplassar på 58 kvm.

Skjenkeløyve kan bli gjeve når følgjande krav er oppfylte:

- Skjenkestaden må ha ein dagleg leiar med det reelle ansvaret for den daglege drifta. Dagleg leiar må vere myndig.
- Krav om kunnskapsprøva, der dagleg leiar må ha gjennomført og greidd prøva.
- Krav til vandel: Løyvehavar, dagleg leiar og personar som har stor påverknad på verksemda må ha utvist uklanderleg vandel med omsyn til straffelovgjevinga, skatte- og avgiftslovgjevinga, rekneskapslovgjevinga, lov om forbod mot diskriminering, m.m.
- Ved vurdering av løyvehavar og andre personars vandel skal det ikkje takast omsyn til høve som er eldre enn fem år.
- Skatteattest for den som er økonomisk ansvarleg for drifta.

Forsdal f. 31.05.66 skal vere dagleg leiar og ansvarleg for skjenkeløyve, ho har bestått kunnskapsprøva etter alkohollova. Etter alkohollova §1-7c skal kvart løyve har styrar med stedfortreder. Det kan gjerast unntak for kravet om stedfortreder når det verkar urimeleg på bakgrunn av storleiken til skjenkestaden. Dette er ein liten gjestegard som ikkje treng stedfortreder.

Skjenkesøknaden gjeld all alkoholhaldig drikk.

Definisjonar frå Alkohollova §1-3: Alkoholholdig drikk gruppe 1: drikk som inneholder over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol. Alkoholholdig drikk gruppe 2: drikk som inneholder over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol. Alkoholholdig drikk gruppe 3: drikk som inneholder fra og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol.

Ved skjenking må tidsroma vedtekne i heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune fyljast:

Skjenking med lågare enn 22 volumprosent alkohol (gruppe1 og 2) kan skje i tidsrommet:

- | | |
|---|-----------------|
| - I skjenkelokale: | kl. 10.00–02.00 |
| - Ved skjenking ute måndag-torsdag, sundag og høgtidsdag: | kl. 10.00–24.00 |
| - Ved skjenking ute fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: | kl. 10.00–02.00 |

Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir (gruppe 3) kan skje i tidsrommet:

Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir (gruppe 3) kan skje i tidsrommet:

- | | |
|---|-----------------------|
| - I skjenkelokale: | kl. 13.00 – kl. 02.00 |
| - Ved skjenking ute måndag - torsdag, sundag og høgtidsdag: | kl. 13.00 – kl. 24.00 |
| - Ved skjenking ute fredag, laurdag og dag før høgtidsdag samt alle dagar ved slutta selskap: | kl. 13.00 – kl. 02.00 |

Maksimal opningstid for skjenkestaden er lik skjenketida med tillegg av avviklingstid på 30 minutt.

I søknaden er det ikkje oppgjeve opningstider, då dette tilbodet kun er ved bestilling av plass. Forsdal må uansett fylje desse vedtekne skjenketidene.

Etter alkohollova § 7-1 er det gebyr for skjenkeløyve. Gebyret er eit minstegebyr, men blir rekna ut på grunnlag av faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk, om det overstig minstegebyret. Løyvehavaren skal kvart år, uoppfordra, sende inn omsetningsoppgåve til Fyresdal kommune.

Forskrift om omsetning av alkohol kap. 8 omhandlar internkontroll. For å sikre at krav fastsett i eller i medhald av alkohollova blir fylgd, jamfør alkohollova § 1-1, skal innehavaren av skjenkestaden føre internkontroll med verksemda.

I Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune er det sett opp målsettingar og tiltak for arbeidet kring rusmiddel. I handlingsplanen er dette målsettinga.

7.3 Målsetting

Fyresdal kommune sitt overordna mål med alkoholpolitisk handlingsplan er at sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal skje i ryddige og kontrollerte former i samsvar med alkohollova si målsetting.

«Alkohollova §1-1 Lovens formål

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

Folkehelselova §4 bestemmer at kommunen skal fremje befolkninga si helse og bidra til å førebyggje sjukdom, skade eller lidning, og bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helse.

Forsdal bygger opp sin eigen arbeidsplass, og har lyktes med gjestegard med god mat, god drikke, ro og trivsel. Vi har sett at det ikkje er nokre konflikhtar i samband med målsettinga i handlingsplanen her. Me har også allereie sett at Fyresdal har bruk for eit konsept som dette med høve for å bestille selskap i ulike anledningar. Åsberggtunet er et meget populært mål dersam folk i bygda og ellers skal nyte et godt måltid og god drikke i trivelige omgivelse, dette tilbudet er hyppig brukt.

Konklusjon:

Alt ligg til rette for at skjenkeløyve kan innvilgast også for Åsbergloftet. Konseptet er allereie eit populært tilbod for folk i bygda og andre, og et særdeles behov, det passar godt inn i høve til måla til Fyresdal kommune.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Anette Forsdal får innvilga skjenkeløyve for Åsberg gard AS orgnr. 995722933, med skjenking på Åsbergloftet.

Skjenkestad: Libakkane 155, 3870 Fyresdal.

Dagleg leiar og styrar: Anette Forsdal f. 31.05.66.

Alkoholgruppe: 1, 2 og 3

Tidsrom for skjenking: Kun ved bestilling.

Skjenking med lågare enn 22 volumprosent alkohol, gruppe 1 og 2, kan skje i tidsrommet:

- I skjenkelokale: kl.10.00–02.00
- Skjenking av alkoholholdig drikk med 22 volumprosent alkohol, gruppe 3, eller meir kan skje i tidsrommet:
 - I skjenkelokale: kl.13.00–02.00

Maksimal opningstid for skjenkestaden er lik skjenketida med tillegg av avviklingstid på 30 minutt.

Løyveperiode: Frå dato vedtak er fatta skal det belastast løypegebyr kvart år. Omsetningsoppgåve må vere levert til Fyresdal kommune innan 15.02. Bedrifta må ha system for internkontroll.

Dagleg leiar må fylje Heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fyresdal kommune, Lov om omsetning av alkoholholdig drikk, (alkoholova) og Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk (alkoholforskrifta).

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Cecilie Korneliussen
	jurist/saksbehandlar